

# Halling- drom



Lagsblad for Hallinglaget - i Oslo -  
- N.R. 1/11

# **INNHOLD**

<b>Innhaldsliste</b>	<b>side</b>	<b>3</b>
<b>Fyriord</b>	<b>side</b>	<b>4</b>
<b>Innkalling til Årsmøte</b>	<b>side</b>	<b>6</b>
<b>Årsmelding for laget 2010</b>	<b>side</b>	<b>7</b>
<b>Hyttemelding 2010</b>	<b>side</b>	<b>11</b>
<b>Infoside om laget</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>Bilete frå øvingskveldar</b>	<b>side</b>	<b>14</b>
<b>Program for hausten</b>	<b>side</b>	<b>15</b>
<b>Stoda i BLS</b>	<b>side</b>	<b>16</b>
<b>Brevet frå Thon</b>	<b>side</b>	<b>17</b>
<b>Salg av NBg 22? Ein leiar sitt syn</b>	<b>side</b>	<b>19</b>
<b>Historisk artikkel om BLS</b>	<b>side</b>	<b>21</b>
<b>Dypdykk i folkeleg dans</b>	<b>side</b>	<b>22</b>
<b>Oslokappleiken 2010</b>	<b>side</b>	<b>23</b>
<b>FolkOrg vart namnet</b>	<b>side</b>	<b>24</b>
<b>Folkedanskveldar</b>	<b>side</b>	<b>25</b>
<b>Styret i Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>26</b>

## Fyriord

### Godt nytt år til alle i Hallinglaget.

Siste året har vore eit år med stor aktivitet. Takk til alle som møter opp på øvingskveldar og kurs som Hallinglaget skipar til. Styret i Hallinglaget vil takke alle som spelar for oss, til alle som baker kake, til alle dognadsarbeidere og til alle dei som møter opp og heldt dansen i gang i Nordahl Bruns gate 22. Laget merker at me er inne i ei positiv bølgje og dette året har også fleire unge møtt opp for å lære seg hallingspringar. På fyrste øvinga etter nyttår, 12. januar, var det fire unge under 20 år med og dansa. Dette er ungdom som kan danse og som er interessert i å lære meir. Det er fint med rekruttering!

Noko som har vore ekstra spanande denne hausten er alt som skjer rundt den fine garden vår i Nordahl Bruns gate 22! Me har fått eit Styre i BLS som ynskjer å selja og overføre garden til Bøndernes Hus AS (BHAS) , som er forretningsstyret til BUL som er det desidert største laget i Bygdelagssamskipnaden (BLS). Medlemene i BUL utgjer nesten 50 % av alle medlemene i BLS. Men denne planen har etter kvart hausta stor kritikk av dei andre laga i BLS, særleg etter av våre kjære medlem Olav Thon meldte si interesse for BLS. Det er lenge vore kjent at Thon har hatt eit godt auge til folkekultur og folkelege organisasjonar slik som Den norske Turistforeining. Etter at Olav Thon var sett inn i saken av mellom andre underteikna kom det eit fantastisk tilbod til BLS frå han. Brevet er med i denne utgåva av Hallingljom, også nokre av dei veldig gode utsegnene som Thon har gjeve oss. Det viser seg at det knapt er nokon som kan skrive slik som Olav Thon! Du hører hans venlege munnglede talemåte i meldingane og breva som han har sendt. Så han fascinerer heile BLS rørsla, og dei storstilte gåvene hans vil komme godt med! Les brevet hans sjølv, det blir antakeleg til at me tar imot gåva på sju millionar som vil slette mest all gjeld. Og Hallinglaget vil arbeide stødig vidare på at me vil stå på eigne bein, og med pengane frå Thon har me ein eineståande mogelegenhet til å klare det. Så det blir spanande tider framover med Leiarmøte og Årsmøte i mars der det meste skal avgjera. Ein ting er klart, det hastar ikkje med å selja, det har også eigedomskongen Thon sagt. Her må ein verkeleg tenke gjennom sakene, om me fyrst seljer garden er det ingen veg attende, og me har kvitta oss med arvesylvet, sjølv om me kanskje sit att med pengar og danselokale i 99 år framover.

Hugs også at det er hallingspringar annan kvar onsdag i Blåsalen til levande springarspel, sjå program! Her er alle velkomne til å delta. Elles er hytta vår Hallingbu i Lillomarka klar for besök. Les årsmeldinga så kanskje du får lyst på ein tur. Bli gjerne med på ein guida tur for å bli kjend.

### Kos dikkon med Hallingljom!

*Terje Grangård,  
Leiar*



Nokre av dei som var med på det vellykka helgekurset hausten 2010. Det var om lag 40 innom kurset!  
Fotograf: Svein Aasen.

**Laurdag 12. Mars kl. 19.00 – 24.00**

**Stor Bygdedansfest i Nordahl Bruns gt. 22 kl. 19.00.**

Bygdedansfest med Numedalslaget, Telelaget, Valdreslaget og Hallinglaget!

Bygdespel ved Erland Joplassen (valdresspel), Kenneth de Gala (numedal- og telespel) og Ola R. E. Imset (hallingspel). Det blir også gamaldans!

Servering av snitter, kaker, kaffe, té, brus og lettøl.

**Alt til ein rimeleg penge.**

Så ta fram danseskoa og kom og dans!

PS: Alternativt kan festen bli halde på Riksscena i Trondheimsvegen 2 (i Schous-Kvartelet nederst på Grünerløkka), så sjekk opp med laget eller sjå på nett-sidene våre, i neste måned: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

# **INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2011**

## **I HALLINGLAGET I OSLO**

**Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget  
Onsdag 23. februar kl. 19.00  
i  
Blåsalen  
Nordahl Bruns gt. 22.**

### **Sakliste:**

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2010
4. Godkjenning av rekneskapen for 2010
5. Arbeidsplan for år 2011
6. Stoda i BLS, viktig Årsmøte i BLS 22. mars:  
Hallinglaget ynskjer ikkje å selje Nordahl Bruns gate 22.
7. Fastsettjing av prisar og medlemspengar
8. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 9. februar 2011.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2010, har røysterett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte.

# Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2010

## **Styret:**

Leiar: Terje Grangård  
Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen  
Kasserar: Elin Berget  
Skrivar: Ola R. E. Imset  
Styremedlem: Else Mohn  
Styremedlem: Renate Nysted Tønnessen

## **Hyttestyre:**

Hyttesjef: Else Mohn  
Medlemer: Hilde Kirkebøen, Ingrid Eidsmo, Michel Gascoin og Trond Roseth.

**Bladnemnd:** Eilev G. Myhren, Terje Grangård og Svein Aasen.

**Valnemnd:** Sigbjørn Galdal, Grete Iversen og Svein Aasen.

**Danseleiar:** Oddmund Vestenfor

Hallinglaget hadde årsmøte den 24. februar i 2010. Dette året hadde Hallinglaget 40 fullt betalande medlemer og 12 bimedlemer. Av medlemene var det berre ein student ingen personar under 26 år. Men laget håper og trur på fleire unge til neste år for interessa aukar.

Dette året har vore eit nytt gildt danseår, der mange gode spelemenn og kvinner har spelt for oss. Våren 2010 hadde laget 9 hallingspringarøvingar/lagskveldar i Blåsalen i Nordahl Bruns gt. 22, samt ei ekstraøving for dei som dansa lagdans på Landskappleiken på Voss. Dei som spelte for laget denne våren var Hilde Kirkebøen, Ola R. E. Imset, Eilev G. Myhren, Magnhild Storøygard, Birger Liahagen og Huldraleiken Hardingfelelag, spelgruppa til Bernt Balchen som er leia av Ola R. E. Imset når dei spelar for Hallinglaget. Alle desse spelte på hardingfele, unntake Birger Liahagen som spelar springar og gamaldans på trekkspelet på sin eigne særeigne gode måte.

Hausten 2010 hadde laget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar. Hilde Kirkebøen, Ola R. E. Imset, Eilev G. Myhren, Arne Anderdal og Huldraleiken Hardingfelelag spelte. På mest alle øvingane dette året er det servert heimebaka kake, noko folk set stor pris på. Øvingskveldane har hatt eit oppmøte på 15 - 30 personar. Styret synes at dansekveldane har tatt seg opp og det er bra, for det viktigaste laget gjer er å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden.

Dette året er det halde fire styremøte i Hallinglaget der me planlegg aktivitetar og drift. Det fyrste møtet med småmat var heime hos Terje, dei andre møta har vore i lagsrommet vårt innafor kjøkenet i Nordahl Bruns gate før springarøvingane startar. Til mat er då pizza servert. Som tidlegare år er stemninga på styremøta svært god, og alle gjer sitt beste for å møte opp. Elles er både E-postmeldingar og telefon nyttig i lagsdrifta og blir mykje brukt.

Hallinglaget har arrangert 2 minikurs i hallingspringar (24. januar og 19. september). Kursa desse sundagane er på ein og ein halv time før Folkedanskvelden startar. Desse kursa samlar

rundt 20 deltagarar med folk i alle aldrar, frå 10 til 75 år! Desse kursa skapar god blest for dansen vår, nesten alle som var med i september meldte seg også på helgekursset i oktober! Laget rettar ein stor takk til Knut Skrindo som heldt kurset på vinteren og Bergitte Kjosvatn og Terje Grangård som var instruktørar no i haust. Vår eigen Ola R. E. Imset spelte hardingfele på begge desse kursa. Alle kostnadene til desse kursa dekkast av Hallinglaget så me er stolte av at dei har gått med overskot. Merk dykk at minikursa i Nordahl Bruns gate på sundagskveldane er populære, for her kan ein prøve seg på nye dansar, alt frå Rørospols til Vestlandsspringar! Spesielt polskursa er populære, dei samlar jamt over førti deltagarar – men hallingspringarkursa trekker også folk! Me får også skryt av at me har ein time med fri springardans etterpå. Det er utruleg kva folk kan lære seg på eit par timar.

Hallingkvelden 14. april med Hallgrim Berg var særslig vellykka, det var mykje folk og moro for pengane. Magnhild Storøygard måtte steppe inn for Hilde og ho klarte speltinga bra. Det er synd for oss at ho no flyttar opp att til Hallingdal med mann og born. Ved sida av å fortelja artige historier spelte også Hallgrim for oss både på seljefløyter og munnharpe. Mange hadde aldri dansa til munnharpe før og fekk ei ny oppleving. Hallgrim er jo ein meister på desse instrumenta og laget er særslig glad for at han tok turen nedover. Det var lenge sidan sist.

Også i år var det med eindel medlemer fra Hallinglaget på Den norske Folkemusikkveka på Ål siste helga i mai (23. - 30. mai). Eit av høgdepunkta i år var den personlege konserten til Gro Marie Svidal i Trugaholu tidleg på fredagen. Hugs at det fredag og laurdag kl. 10.00 er frukostspringar i Kulturhuset. Dette er ei viktig formidling av dansen til alle dei som kjem til Ål. Elles var både konsertar og dansen bra i år òg, dei har funne ei bra form på desse dagane – så både dei som dansar og dei som liker konsertar trivst bra. Året konsert var vel minnekonserten til Kristian Ørvrevollseie på fredagen, der det var kø heilt ut i storvegen utafor Sundrehall. Interessante kommentarar og gnistrande god konsert ved Øyvind Brabant, Olav Luksengård Mjelva og Gunnlaug Lien Myhr. Det er slike godbitar som gjer at ein tek turen kvart år til Ål. Eg må vel også nemne konserten til Stein Torleif Bjella med fullt orkester, forsterka med folkemusikarane Jo Asgeir Lie og Olav L. Mjelva, som spelte vanvittig bra til stappfullt hus i Thon-kjellaren på Hallingdal Hotell. Heldigvis hadde eg vet til å vere der!

Bygdelagsstemnet på Bygdøy 6. juni samla eindel folk, også nokre frå Hallinglaget som fekk til god springardans på plattingen ein liten halvtime etter spelet til Eilev G. Myhren. Det var godt sommarvêr i år, så dei som var der kosa seg på Folkemuseet. Det er triveleg å rusle rundt på museet i finstasen, og me som var der dansa både på plattingen og på den nye utescena. Ein stor takk til Eilev som spelte for oss. Til dansen på kvelden spelte Østerdølenes Spelemannslag. Eg synes nemnda fekk til ei fin tilskiping i år, sjølv om det var for lite folk på slutten av kvelden. Så hugs å møte opp neste år og skap blest om laget vårt. Hugs at Hallinglaget skaffar fribillettar til dei som vil danse eller til dei som er medlemmer i laget.

Den årlege Spikjikjøtturen til Hallingbu var onsdag 16. juni. Dei ti som var med fekk benka seg rundt langbordet ute. I år var det kjempefint vær og alle som var med var nøgde, og som vanleg var det mat nok! Nytt av året var ei spanande tevling i pilkast som vart halde etter maten, rykta seier at det var særslig vankeleg å vinne!. Ein slik lys ettermiddag og kveld i skogen er ei oppleving for dei som er med.

For fjerde år på rad stilte Hallinglaget på lagdans under Landskappleiken, som dette året var på Voss! Imponerande at me klarte å stille med fem par på torsdagen så langt vekke! Så takk til alle dei som tok seg fri og deltok! Laget takkar Oddmund Vestenfor og Bergitte Kjosvatn,

Svein Aasen og Berit Grøtt Ellefsen, Svein Galdal og Elin Berget, Else Mohn og Bente Karlsen, Terje Grangård og Grete Iversen. Nytt av året var at både Øyvind Brabant og Ola R. E. Imset spelte for oss, så det var ekstra moro! Dansespelet var i alle fall heilt topp, og me vart fanga inn i dansen, men konkurransen var hard for me måtte ta til takk med delt siste plass saman med Telelaget her i Oslo! Men nivået er høgt i lagdans, og spesielt ”så langt unna sentrale strøk”, for her var det ikkje med meir enn 25 lag med (6 færre lag enn året før). Vossingane skipa til ein bra kappleik, været var brukbart og det myldra med glade folk over alt. Ungdommen frå Hallingdal vant det meste, men dei vaksne synes eg vart bortdømt! Det var ikkje deira tur dette året, slik som året før! Elles må eg få skryte litt av kappleikshotellet, som ikkje stengte så brått, det var eit heilt utruleg liv der i 3-4 tida om natt. Heia Voss!.

Dette året skipa Hallinglaget eit nytt helgekurs i hallingspringar, helga 23. – 34. oktober. Me fekk Ulf-Arne Johannessen til å halde kurs for oss, og han synte og lærte oss dansen saman med jentene i laget. Ein stor takk til Ulf-Arne. Sjølv om har er ein oppteken mann med Frikar og teaterframstyringar, tok han seg tid til dette kurset. Han er ein god instruktør og trekker folk, og akkurat mange deltagera er særsviktig for å få til ein vellykka kurs! Og etter kvart meldte folk seg på, så me vart nærmare førti personar. Både unge og eldre, røynde og urøynde dansarar meldte seg på. Det vart liv og røre begge dagane, og laget fekk mange gode tilbakemeldingar frå dei som var med. Også fordi maten var så god desse dagane, fint laga til av Else og Berit. Ein stor takk til Bente, Bergitte og Else som var med og synte oss dansen med Ulf-Arne. Gnistrande dansespel ved Ola R. Imset og Hilde Kirkebøen, akkurat slik me liker det. Dette vart nok eit særsviktig kurs der me gjekk omlag i balanse.

På Oslokappleiken 13. november stilte Hallinglaget opp i lagdansen og vant! Hurra, me fekk det andre nappet i det store tinnfaret (vandrepromenad), så til neste år må me stille opp att! Me var ein heilt utruleg effektiv gjeng i år, der både spelvinna Hilde Kirkebøen og Anne Cathrine Johannessen ”berre hadde ein halvtime” til deltakinga! På denne halvtimen møttest me, øvde me, og dansa oss til siger over Numedalslaget og Valdrelaget. Ein stor takk til dei som var med: Sigbjørn Galdal og Anne Cathrine Johansen, Oddmund Vestenfor og Kjersti Aasen, Svein Aasen og Anne Stuvøy, Terje Grangård og Grete Iversen, Olav Sem og Else Mohn. Nytt av året var at Oslokappleiken vart skipa til på den nye Riksscena her i Oslo. Etter ein tøff start fungerte både tevlingane og festen veldig bra. Imponerande innsats av Laget for Folkemusikk og dei mange hjelparane deira. Dansefesten på fredagen før kappleiken var utanom det vanlege bra, for desse spelemennene spelte to økter for oss (utruleg dansespel!): Jan Beitoaugen Granli, Egil Syversbråten, Per Anders Buen Garnås, Leif-Inge Schølberg og Trond-Steffen Westberg. Det var moro å vere i Oslo denne helga.

Hallinglaget arrangerte Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 18. april og 28. november dette året. Best før ... med Ola R. E. Imset spelte begge desse kveldane. I fyrste del av pauza spelar Ola 3-4 hallingspringar der om lag 10 par er på golvet. Dette er god PR for dansen vår og setter farge på desse sundagskveldane. Merk dykk at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen! Hugs at det er særsviktige gammaldansgrupper som spelar der. Om me ynskjer at dette dansemiljøet i hovudstaden skal bestå, må kvar og ein av oss ta seg ein tur nokre sundagar i året. Og ta gjerne med dykk ein danseglad person slik at me blir fleire. Dette gjeld også dansefestane som Rundsnuen skipar til to til tre gonger i året. Det er viktig at dette dansemiljøet består.

I dei siste to månadene dette året vart underteikna særsviktige oppteken med ”Stoda i BLS”. Ikkje nok med at førebuingane og Leiarmøta tok tid, så vart også vår medlem Olav Thon kopla inn

med kva som var det beste for laga i BLS! Einar Vestrheim, leiaren i Hardinglaget, kontakta Olav Thon og underteikna vart ringt opp og spurt ut i denne saka av Thon sjølv. Takst og masse anna informasjon vart sendt over til Olav Thon for å sette han inn i saka. Han oppfatta situasjonen raskt og etter ei minneverdig synfaring av garden sendte han over tre alternativ som heile BLS tygger på ved utgangen av året! Desse alternativa er det skrivi om i ein eigen artikkkel her i bladet ("Stoda i BLS"), for Olav Thon har sett ny fart i den særskilt viktige saka som gjeld framtida til Nordahl Bruns gate 22 her i Oslo. Utan praktiske og rimelege lokale som me kan leige for å halde på med dansinga vår, vil det vere over og ut med laget vårt! Så følg med på denne saka, alle vener av Hallinglaget. Den er viktig!

På juleavsluttinga den 15. desember var Arne Anderdal gjestespelemenn, han spelte både ein liten konsert og til dans for oss. Me gleda oss veldig over dansespelet hans og fekk dansa mykje! Til mat var det spekemat med mykje attåt, samt lefsekling og kaker til kaffien, Maten gjekk unna saman med øl, brus, kaffi og te. Dette vart ein særskilt vellykka fest for dei nær tretti som møtte opp og ingen klaga på prisen! Eg trur at alle var nøgd sjølv om det ikkje vart småmat dette året heller!

Hardingfela til Hallinglaget er det siste året vore leigd ut til Tone Eikås, som vil prøve å lære seg å spele. Då onkelen hennar heiter Sigmund, kan ho vel få seg skikkeleg rettleiing når ho er heime på Vestlandet? Laget gler seg over at fela vår er kjem til nytte og er i bruk.

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar. Avisa blir no trykt i farger av vår gode hjelper så takk til ho. Arbeidet med lagsbladet er veldig viktig både for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader for lagsdrifta. Hallingljom er også ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje har også dette året laga aktivitetsguidar for våren og hausten og har oppdatert nettsidene våre på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net).

Dette året mottok Hallinglaget stønad frå Olav Thon, Sparebank 1 Hallingdal, Nes Prestegjelds Sparebank og Folkekulturforbundet i Vågå. Difor fekk me også dette året eit overskot i rekneskapen, og det er me veldig glade for. Ein kjempestor takk til alle som bidreg og tar i eit tak for laget.

Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet! Dette året har vore eit særskilt aktivt år for Hallinglaget, og no er me klare for enno eit år.

Leve Hallinglaget.

*Terje Grangård*

# Årsmelding Hallingbu 2010

Oppå haugen, eit stykkje inn i skogen ligg Hallingbu, som vi i Hallinglaget er så heldige å ha.

Det har blitt mange fine turar opp til hytta i året som har gått, både dags- og overnattingsturar.

Knapt hadde vi runda nyttår, nærmare bestemt 03. Januar, så stakk Elin og Svein til skogs med destinasjon Hallingbu. I byen var det kaldt ver, mens det i skogen var lunt og godt. Dei gjekk opp løypa til Sinober, og derfrå i mykje snø opp til hytta.

Vel framme fann dei musefrie feller, og var sjølvsagt svært letta over det.

Midt i OL sesongen, 20. februar, i snøvær og 1 meter nysnø, brøyta Terje seg veg opp til hytta, for å måke av taket, og pipa fri for snø. Aldri noko å seie på leiarens innsats!

2. dags påske, 05. april, tok Svein turen oppover, og det var godt skiføre i skogen.

Eit par små veker seinare, 17. april hadde han seg nok ein smartur opp til hytta.

Også nå med bra skiføre fram til siste etappe. På det vesle stykke frå løypa og opp til hytta var det berre så vidt han kom opp. Men slikt stoppar ikkje ein Numedøl; det var berre å fri seg for skia, og å gå på føtene opp i laussnøen

14. mai blei ein merkedag for Simon, Michels son; knapt eit år gammal hadde han sin aller første tur til Hallingbu, godt plassera på pappas rygg.

Dagen derpå, 15. mai hadde fleire ein fin tur til hytta, dei som tok turen var: Kari, Jon, Grete, Svein, Oddmund og Else. Det blei både årets fyrste bad, og froskespaning i Ormtjern. Der nede i det svarte djupet var paringa godt i gang; alle med alle!.

Så blei det grill og mat ute, med påfølgande kaffi og åndeleg snakk inne. Gode samtaler om englar og sjeler, der resultatet vart att fleire ønska seg healing.

Jon og Kari blei natta over i hytta, mens vi andre vandra heim i mørkret som så brått senka seg over skogen.

24. mai drog Elin oppover til hytta saman med sin familie, dei var 5 personar. Og eg trur nok dei vaska og klargjorde hytta noko for neste tur, det trengtes.

For 4-6. juni tok Elin med seg "Villturgjengen" opp til Hallingbu. Dei var 8 personar som hadde to fine dagar på hytta.

16. juni hadde vi den årlege Spikjikjøtturen, men store mengder spikjimat ute i godt ver. Berit hadde sydd nye puter og gardiner i sterkt kvitt og blå/ brun stripa bomullsstoff, det blei fint! Og Elin har gjevi hytta eit pilspill. Dermed blei kvelden ute avslutta med "Hallingbu meisterskap i pilkast", der Svein blei den suverene meister.

Dei som var med på turen: Elin, Ingrid, Karl, Grete, Svein, Trond, Berit, Jette, Magne og Else.

På ein solrik og varm sumardag, 22. juli gjekk Elin og Svein ein tur opp til hytta.

Dei fann ørlite molter, men blei snytt for blåbæra. Vel oppe feira dei Sveins fødselsdag, og øvde seg på pilspill.

7. august prøvde dei same to blåbærlukka att, på veg opp til hytta, men det var dessverre lite å finne.

3. september drog Michel og Simon opp til Hallingbu, Simon var da blitt heile 15 månader. Og dei fann både bringebær, blåbær og tyttebær.

Dagen etter, 4. september kom det fleire opp til Hallingbu; Svein, Terje og Else stod for årets siste tur. På oppturen blei det plukka godt med tyttebær, som er så fine å plukke. Og gleda var stor da vi midt oppe på ei tue såg Simons vesle lue. Den hadde han mista dagen før. Vel framme kitta vi nokre av glasa ute, og laga ei lita dagnads-liste for 2011, der vi med anna skal beise nokre veggjar, kitte glasa og måle dei, rydde vegen ned til olla, spikre på nye bord under kjøkenglaset og felle nokre trær.

Og så synte Terje meg ein hemmeleg kantarellplass. Og med kantarellar i panna, medbrakt rjome (og sjalottlauk), let vi matpakkane ligge, og nøyt det beste naturen gjev, ute i sola. Terje og Svein vandra vidare bort til våre venner på Buvollen (Valdreshytta), og fekk traktement og omtanke der. Ikkje berre blei det årets siste tur, men òg årets siste bad.

Takk for nok et år med Hallingbu, som er vår perle. Veldig triveleg at så mange har glede av, og finn vegen opp til hytta.

Antal dagsturar 2010	:	11
Antal overnattingsturar 2010	:	2
Antal besökande 2010	:	45

*Else*



*Else testar soppen, her ein kantarell, og er ein meister til å lage den til.*

## **Medlemspengar i Hallinglaget for år 2011**

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,-** Merk!

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

**Bankgiro innbetalingskort skal ligge ved fyrste sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet!** Betal snarast råd, dvs. i fyrste kvartal. Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet. Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

---

### **Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:**

- Reduksjon i pris på alle samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar og øvingskveldar i hallingspringar.
- Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
- Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
- Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
- Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
- Informasjon om andre folkemusikktildelingar i hovudstaden (post/meldingsliste). Redusert pris på kurs i hallingspringar som laget skipar til. Vanlegvis er kurshelga om hausten.



Dugnadsarbeid på Hallingbu 2010.

Skraping, kitting og etter kvart måling av det store glaset i stugua. Dette må me fortsetja med til neste år, og me treng godt og stabilt vær om resultatet skal bli bra!

*Svein Aasen og Terje Grangård i aksjon.*

## Bilete frå øvingskveldar i Hallinglaget



**Dei som var med og vant lagdansen på Oslokappleiken i haust rundt premiepølsa!**

Frå venstre: Hilde Kirkebøen som spelte, Svein Aasen delvis skjult, Else Moen,  
Anne Stuvøy, Terje Grangård, Anne Cathrine Johansen og Grete Iversen.

Fotograf: Tone Eid.



*Bildet syner Arne Anderdal som spelte på  
Juleavslutninga vår den 15. desember.*

Det var fyrste gongen Arne spelte i Hallinglaget og det vart eit triveleg møte. Så om Arne på våre kantar (han bur på Voss), er han hjarteleg velkommen til å spele for oss att.

Han reklamerte også for ein ny dobbel-CD som kom ut no i januar til minne om at det er 100 år sidan Kristian Øvrevollseie vart født. Plata får ein kjøpt hos Etnisk Musikk-klubb på Kongsberg.

CD 1 er opptak med Kristian sjølv.

CD 2 er med Øyvind Brabant, Arne Anderdal, Olav Luksengård Mjelva, Gunnlaug Lien Myhr, Ingunn Stræte Lie og Jo Asgeir Lie.  
Ein svært god CD.

Fotograf: Tone Eid.

# **Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.**

## **Det er springardansing desse onsdagane:**

- 12. jan.** Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar.
- 26. jan.** Springarøving kl. 19.00. Ola R. Imset spelar.
- 9. feb.** Springarøving kl. 19.00. Ola R. Imset spelar
- 9. mar.** Springarøving kl. 19.00. Lisbeth Haraldsen spelar
- 23. mar.** Springarøving kl. 19.00.
- 6. apr.** Springarøving kl. 19.00.
- 27. apr.** Springarøving kl. 19.00.
- 11. mai** Springarøving kl. 19.00.  
Utdeling av diplom til ihuga dansarar

## **Andre viktige hendingar dette halvåret:**

**Sundag 23. januar: Minikurs i hallingspringar,  
før Folkedanskvelden kl. 18.00. Hilde Kirkebøen spelar!**

Det blir instruksjon i ein og ein halv time ved Terje Grangård og Bergitte Kjosvatn, og det blir fri springardans ein ekstra time etter kurset. Møt opp!

**Onsdag 23. Februar: ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!**  
Startar presis kl 19.00 i Blåsalen. Alle medlemer er velkomne.

**Laurdag 12. mars: Stor Bygdelagsfest i Nordahl Bruns gt. 22 kl. 19.00.**  
Bygdedansfest med Numedalslaget, Telelaget, Valdreslaget og Hallinglaget!

**Helga 2. -3. april: Vintertur til Hallingbu.**  
Interesserte må melde seg på til laget slik at turen kan samordnast.

**Sundag 3. april:** Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden frå kl. 19.30.  
Denne kvelden er det **Steingårdskroken** som spelar og dei er gode!

**Laurdag 9. april: Buskerudkappleiken på Hokksund!**  
Eiker Spelemannslag er 40 år og skipa til kappleik på Eiker v.g.skole i Hokksund.

**22. mai - 29. mai: Folkemusikkveka på Ål!**  
Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta fri nokre dagar i mai og bli med!

**Sundag 29. mai: Bygdelagsstemnet på Bygdøy! (rett nedatt frå Ål !)**  
Hallinglaget danser i omlag 20 minutt i tre – fire tida.  
Dei som dansar (samt alle medlemer) kjem inn gratis!

**Onsdag 15. juni: Spikjikjøttur til Hallingbu!**

**29. juni – 3. juli: Landskappleik i Seljord!**  
Landskappleiken vil samle mykje folk og Hallinglaget satsar på lagdans torsdag 30. juni!

**VELKOMNE SKAL DE VERA!  
Meir info. på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)**

## **Stoda i BLS**

Her kjem nokre utsegner og visdomsord frå Olav Thon:

”Jeg har ingenting i mot at mitt brev distribueres til alle lag i BLS og for den sak til BUL. Min eneste hensikt er at bygdelagene skal komme best mulig ut av den forandring som eventuelt gjøres og dette gjelder også BUL. Jeg mener jeg har et godt forhold til BUL. Men som BUL sikkert vil være oppmerksom på er det særlig av interesse for dem at en overtagelse eventuelt skjer på måter som senere ikke kan kritiseres. Loven har klare bestemmelser om minoritetsaksjonærers rettigheter i et sameie og dette bør BUL og dens jurist være klar over.”

”Bygdelagssamskipnaden har en verdifull eiendom i Nordahl Bruns gate 22 og det skulle ikke være noen grunn til en forhastet avgjørelse som ville få konsekvenser for BLS i all fremtid.”

”Det er ingen kritisk situasjon når det gjelder BLS' eierforhold i Nordahl Bruns gate 22. Det eneste kritiske er hvis BLS er blitt innprentet at situasjonen er kritisk og at de derved skusler bort arvesølvet nåværende styre i BLS er blitt satt til å ivareta.”

”Jeg har sagt det før og gjentar det nu skriftlig at jeg er villig til å fremskaffe de midler som trengs til vedlikehold av eiendommen som et rentefritt lån slik at BLS får rikelig tid på seg til å ta den riktige avgjørelse.”

”Det primære er at bygdesamlagene ikke mister den enestående identitet hver enkel bygd i Norge kan ha ved å ha sitt eget tilholdssted i Oslo som de med stolthet kan si at de eier. Det er selve arvesølvet som forvaltes gjennom møtesenteret i Nordahl Bruns gate 22.”

---

Olav Thon er særskilt god til å skrive meldingar og brev og etter at han var på synfaring i Nordahl Bruns gate 22, torsdag den 2. desember kl. 13.30, fekk BLS det fantastiske brevet med dei tre tilboda som er vist på neste side (utan topptekst etc.). Desse alternativa er det no alle leiarane ser på saman med det opphavlege tilbodet frå BUL og Bøndernes Hus AS. Det var skikkeleg moro å vere med på synfaringa for Olav sprang opp og ned trappene heilt til fjerde etasje, på begge sider av garden, utan å bli andpusten eller sliten. Både han og vedlikehaldssjefen likte det dei såg, og før tolv neste dag var tilbodet til BLS sendt ut!

Tenk å ha ein slik støttespelar blant medlemene våre i Hallinglaget.  
**Hallinglaget vil arbeide vidare for at me skal eige Nordahl Bruns gate 22 slik som før!**

Sjølv om Styret i BLS er fullt opp med tungvekturar som arbeider for at BUL skal overta så snart som råd, så må dei finne seg i at ikkje alle ynskjer det! Det har vore eit råkøy som fleire leiarar har begynt å mislike. Særleg dei store planane med ombygging av garden, slik at me må finne andre salar i kanskje to år under restaureringa!

Heidi Grymyr, leiar i Barnelaget i BLS seier det slik:

”Det viktigste nå er ikke nødvendigvis hva slags løsning vi går for, men at vi samler oss om å kjempe for at Nordahl Bruns gate 22 fortsatt skal være vår, og ha en framtid. Ikke som en drøm om et ”praktbygg” med flotte kontorer til utleie, eller hva noen egentlig vil, men som den gården den er, som skal være huset til laga også i åra som kommer. Og være eid av oss. Derfor blir det for meg viktig at laga står sammen mot alternativet om salg til Bøndernes Hus, og at vi sammen finner fram til beste alternative løsninger og driftsform framover.”

**Bygdelagssamskipnaden (BLS)**  
Nordahl Bruns gate 22  
0165 Oslo

Oslo, 2. desember 2010

Jeg viser til synfaring av eiendommen Nordahl Bruns gate 22 Oslo i dag, og har følgende kommentarer:

Eiendommen Nordahl Bruns gate 22 har ikke noe vesentlig etterslep av misligholdt vedlikehold. Tvert imot er det sjeldent å se en eiendom av denne alder som er så fri fra setninger, brekkdannelser eller andre bygningsmessige skavanker alderen tatt i betraktnsing. Vinduer var i vesentlig grad fornyet med skikkelig isolerglass. En overveiende del av hyblene hadde fått skiftet til skikkelige branndører. Trappene i bygget som var oppført i 1930-årene har et belegg som kan vare i 100 år. Det elektriske anlegg var i vesentlig grad modernisert med automatsikringer, samt stigeledninger som så ut til å være av nyere dato.

For en utarbeidelse av en detaljert oppgave over ting som det kan synes ønskelig å utbedre, trengs det en mer detaljert gjennomgang enn vi kunne gjøre i dag. Men med sikkerhet kan jeg forsikre at det er ingen forhold med denne eiendommen som er fatal og som trenger øyeblinkelig reaksjon for å hindre at eiendommen ødelegges eller forringes i verdi.

Med henvisning til ovenstående har jeg følgende alternativer jeg vil anbefale bygdelagssamskipnaden å overveie:

#### *Alternativ 1*

BLS beholder Nordahl Bruns gate 22 slik som eierforholdet er i dag. Olav Thon Gruppen foretar utskifting av de dører som ennå ikke er byttet til branndører, mønjing av takene, og utfører ethvert vedlikeholdsarbeide som en uhildet nøytral takstmann måtte finne nødvendig. Inklusiv i dette er oppgradering av fyringsanlegget og eventuelt omlegging til fjernvarme. Arbeidet utføres gratis, og skal være avsluttet senest 1. juli 2011.

#### *Alternativ 2*

Olav Thon Gruppen innløser eiendommens lån, oppgitt til ca. kroner 7 millioner, på betingelse av at Hallinglaget får anledning til å bruke møte- og festlokalene gratis etter behov. For øvrig forblir eierforholdet slik som det er i dag.

#### *Alternativ 3*

Bolig- og kontordelen skilles ut som en egen enhet, og betales med ca. kroner 40 millioner. Resten av eiendommen med festlokaler, møterom, boder i kjeller etc. beholdes fortsatt i evig eierskap av BLS som en egen seksjon og uten reduksjon av foranstående kjøpesum. Jeg håper at noen av forannevnte alternativer kan være av interesse. Det primære er at bygdesamlagene ikke mister den enestående identitet hver enkel bygd i Norge kan ha ved å ha sitt eget tilholdssted i Oslo som de med stolthet kan si at de eier. Det er selve arvesølvet som forvaltes gjennom møtesenteret i Nordahl Bruns gate 22.

Jeg ber om at nærværende brev distribueres til samtlige bygdelag som er tilknyttet eller deleier i Nordahl Bruns gate 22.

Med vennlig hilsen  
Olav Thon

# **Salg av NBg 22? Ein leiar sitt syn**

## **Status**

NBg er ein ideell samlingsplass for bygdelaga og har vore det i 83 år (minus krigen). Det har alltid vore rom for dei aktivitetane laga har drive med. Det er fordi det er laga sjølve som eig heile bygningen og kan bruka han slik dei vil. Ved å leiga ut hyblar, kontor og salar får ein inntekter (pr. idag vel 4 millionar) til å drifta og vedlikehalda bygningen. To tilsette har hatt alt arbeid med tilsyn, drifting, utleiging, saltildeling, rekneskap, kontakt med brukarane, mm. Men for ca. seks år sidan vart dei oppsagt. Åse Bjorli tok over og dreiv garden på svært god måte i to-tre år, men etter at ho slutta, har det vorte mykje rot og problem med drifta. I denne perioden har BUL vore svært sterkt representert i styret (leiar Roy Sævik) og egedomsnemnda (leiar Gunvald Grønvik). Positivt i denne tida er at hyblane har vorte pussa opp, med ein del dugnadshjelp frå Symra.

## **Salgsframstøyt**

Etter det eg har funne ut, starta denne prosessen med at leiaren i BUL på den tid, Terje Svinseth, skreiv eit forslag om dette i BUL-stikka. Gunvald Grønvik, BUL-medlem og leiar av egedomsnemnda i BLS, tok opp ideen og utvikla den videre. Han samarbeidde med styret i BLS, som jobba videre med saka. Styret i BLS i 2008 var Roy Sævik (BUL), Liv Hege Skagestad (BUL), Marianne Dahl (Symra) og Bjørn Barvik (Bygdelagskoret). Dagens styre, med Jon Låte og Nils Seland i brodden, frontar saka på same vis.

## **Grunngjeving**

Ut frå 7 ulike modellar for framtidig *drift* av NBg 22, har styret resonnert seg fram til at den beste løysinga er å *selja* heile egedomen til BUL! Stort sett same grunnar er gitt for å forkasta dei andre modellane:

1. Det er eit svært stort vedlikehalds-behov
2. Stor ombygging og rehabilitering er nødvendig
3. Drift/forvaltning krev mykje av BLS
4. Det er ikkje ein optimal forretningsmodell for å få ut det kommersielle potensialet
5. BLS er ikkje ressurssterk nok til å utvikla egedomen på optimal måte.

## **Kor sanne er desse grunnane?**

1. Vedlikehaldet er stort sett bra: salar, hyblar, kafe-område, kontor. Årleg vedlikehald er nødvendig, men inntektene er meir enn store nok til å dekka desse.
2. Ombygging er berre nødvendig dersom ein skal endra bruken av bygningen, til t.d. appartements- og konferanse-hotel, slik BUL har planar om. Men ombygging t.d. av kjøkken eller hyblar kan vera aktuelt. Rehabilitering går under vedlikehald.
3. Drifta krev mykje, ja, men ved å tilsetja to personar på deltid, slepp styret å bruka tid og krefter på det. Det vil kosta *mindre* enn den ordninga ein har idag med innleigde krefter til drift og rekneskap.
4. Det har aldri vore målet for BLS å tena maksimalt på egedomen, men å gje rimelege lokale og husvære til lag og innflyttarar til byen. Om det ikkje er heilt optimalt, så er det likevel ein svært god modell der hybelutleige mm. gjev driftsmidlar.
5. BLS har ein svært verdfull egedom, og det er ikkje noko i vegen for å ta opp eit større lån, dersom det er ynskjeleg å byggja om for å auka standard og inntekter. BLS har store nok ressursar, og dersom det knip, så er det alltid folk blant medlemsmassen som vil ta i eit tak.

Ein må undra seg over at så dyktige folk som sit i styret ikkje har greid å finna ein modell for bærekraftig *drift* av egedomen, men i staden gjev opp og vil berre *selja* alt saman!

Ein må og ha lov til å undra seg over at det er BUL som i hovudsak har drive fram denne løysinga med å selja til BUL! Ein må ha dårleg luktesans for ikkje å reagera på dette!

### Grunnar for ikkje å selja:

1. Det er ikkje rett at eitt av laga skal kunna overta heile eiga åleine.
2. Berre ved å eiga sjølve har me full sikkerheit for all framtid.
3. Ved konflikter er det eigaren som kjem fyrst.
4. BUL vert mektigare, dei andre laga svakare
5. Ansvar for etterkomarane
6. Egedomen stig stadig i verdi, medan ein pengesum går raskt ned i verdi
7. Felles eige gjev felles ansvar og betre samhald og samarbeid.
8. Tradisjon. Me driv med tradisjons-arbeid, og me bør og ta vare på huset.
9. Alle laga bør vera med på framtidig utvikling
10. Føler større tilknyting når ein er medeigar

### Visjon

Det BUL/BHAS har drive fram og ser for seg, ved hjelp av eit svært BUL-venleg styre er:

1. BUL/BHAS skal vera eine-eigar av Nordahl Brunsgate 22.
2. Omfattande ombygging av heile huset, inkludert salar, til appartements- og konferansehotell for maksimal forretningsmessig inntening.
3. Eit senter for folkeleg kultur og ressurssenter for opplæring i folkedans og folkemusikk.
4. Samling av fleire beslektet organisasjonar i huset, som NU, Noregs Mållag, SAFFA, m.fl.

Kommentar: 1) *Lokkemiddelet er at dei andre laga skal få gratis lokale i 99 år! Men avtalar kan endrast, og når ein ikkje er medeigar har ein ingen innflytelse.* 2) *Alle aktivitetar må flyttast ut for ein lengre periode. Korleis vil det verka inn på laga?* 3) *Dette er omlag som i dag.* 4) *Dette kan vera ein god ide, men må vurderast nøye.*

### Prosess

Måten denne saka er fremja på, ser eg som svært autoritær, udemokratisk og manipulerande.

Dagens styre viser seg ikkje som tenrar for laga, men som eit sjefs-regime med makt til å gjennomföra denne prosessen stort sett på eiga hand. Leiarmøte og årsmøte har vore dominert av BHAS-ekspertise som gong på gong hamrar inn sin argumentasjon gjennom lange innlegg.

Framstillinga har vore slik at det ikkje finst andre løysingar enn å selja. Det har vore hjernevask bygd på til dels sterkt overdrivne eller usanne argument. Eit godt døme er det som skulle vera eit ope møte den 14. des. Det var strengt regissert, med la-ang innleiing av Nils Seland, og etterpå var det berre lov å stilla spørsmål til styret! Dei som prøvde seg med eigne innlegg, vart raskt klubba ned!

Det bør og nemnast at eg forslo at i ei så grunnleggjande viktig sak burde alle medlemer få sei si mening gjennom ei avrøysting. Dette vart blankt avvist!

Styret har tydeleg vist at det arbeider kun for *eitt lag* sine interesser i denne saka, og dei overser interessene til dei andre laga. Andre eigne interesser ser og ut til å spela inn her, med Noregs Mållag (Låte) og NU og SAFFA (Nils Seland). Men når ikkje *alle laga* sine interesser har absolutt fyrste prioriteten, så kan ein ikkje ha tillit til det sitjande styret.

### Olav Thon

Thon kom inn i biletet kun fordi han vart spurd om råd i denne saka. Han har ikkje anna eigeninteresse enn at han er skriven medlem i Hallinglaget og vil hjelpe BLS med å ta vare på

eigedomen. Difor kom han med dei alternative tre tilboda. Han har ut frå eige initiativ vore på synfaring saman med sin vedlikehaldsekspert. På spørsmål svara han slik:

Om salg eller ikkje salg: Nei, de bør absolutt ikkje selja!

Om bygningen generelt: Det er sjeldent vi ser ein så gammal bygning i så god stand!

Om det løner seg å riva og byggja om: Nei, då hadde eg ikkje vore der eg er i dag!

Om han ynskjer å kjøpa NB22: Berre hvis det er det de ynskjer!

Større ekspertise enn Thon-gruppa må du leita lenge etter!

## Erfaringar

Det er mange døme på at organisasjonar med eige hus har gått til den løysinga å selja, pga. problem med vedlikehald og drift etc. Som regel har dei tapt på dette og seinare sett at det var eit feilgrep.

1. Trondheim: Bygdelaga der oppe selde sine to eigedomar til Thon i 1989 for 25 millionar med avtale om bruk i 49 år. No er det 28 år att av avtaletida, og dei angrar bittert på det som er gjort og er fortvila over at dei vert utan hus etter kvart. Tanken på dette er tyngjande allereie no.
2. Andvake selde sine lokale med skriftleg avtale om at dei tradisjonar som dei stod for, m.a. bruk av nynorsk, skulle ivaretakast i framtida. Straks handelen var gjort, vart denne avtalen ignorert, og det var ingenting Andvake då kunne gjera, fordi dei var ikkje eigarar lenger.
3. Den norske studentsangforening selde og eit hus som dei eigde og angrar i ettertid.

Det er fleire slike døme, men eg kjenner ikkje dei sakene godt nok.

## Alternativ

Styret har kome fram til at det finst ikkje noko alternativ til salg. Er det sant?

Sjølv sagt ikkje. Med utgangspunkt i felles eigarskap som no, kan ein:

1. Driva som før, men med fast tilsette folk til å drifta heile huset. Med Thon i ryggen vil det gå som ein draum.
2. Eventuell større ombygging i samarbeid mellom BLS og BUL.
3. Leiga ut heile den delen som laga ikkje treng for ein fast sum pr. månad. Dette er gjort med «Håndverkeren» og fungerer bra.
4. Evt. andre løysingar.

Men me bør halda i hop og sei som Eidsvoll-mennene: «Enig og tro inntil Dovre faller!»

## Konklusjon

Kulturarbeid går aldri av moten, så grunnlaget for lagsarbeid vil alltid vera der. Ein må berre finna former som fungerar til eikvar tid. Personleg har eg hatt svært mykje glede av aktivitetane i NBG og utafor, frå 1973 til idag, som dans i Symra, opplæring i spel i Vestlandsgruppa, speling for Hordaringen, BUL, og Songdanslaget, felleskurs mellom Bærum Spellmannslag og Sogn og Fjordane-ringen i Enebakk i mange år, samt arbeid i Hardinglaget. Dei store omorganiseringsplanane vil verka øydeleggjande på miljøet, og statusen til laga vert sterkt svekka. Kreftene bør heller setjast inn på tiltak for å betra og styrkja kulturarbeidet til laga i staden for å rasera grunnlaget for god drift.

Einar Vestrheim, 11.01.11

**Nei til Salg av huset vårt!**

**Leve Nordahl Brunsgate!**

## **Historisk artikkel om BLS**

Hallinglaget mottok ei .jpg-fil frå Einar Vestrheim i Hardinglaget i november, med foto av gamle historiske dokument som laget hadde arva frå ein avdød leiar i laget deira. Då dokumentet var på nesten 2 MBytes så fant eg på å skrive det ned ein av dei iskalde kveldane i november. Minus 10 i november er ikkje daglegdags kost i hovudstaden.

*Her kjem avskriften:*

### **”SAMSKIPNADEN**

Oslo Fylkeslag er med i Oslo ungdomslag og er skipa i 1923. Føremålsparagrafen lyder slik:

*”Oslo Fylkeslag er ein samskipnad av norskklynte lag i hovudstaden og bygdene nærast omkring. Samskipnaden har til føremål å vera ein fast bindelekk mellom einskildlaga i alt norsk reisingsarbeid og elles skipa samarbeid dei i mellom og fremja samkulturelle og økonomiske føremål. Laget skal vera innmeldt i Noregs Ungdomslag”*

### **NORDAHL BRUNSGT. 22**

Nordahl Brunsgt. 22 og 24 var tidlegare Ragna Nielsens Skole der mange landsungdomar har teki artium i si tid. I 1927 kjøpte Oslo Fylkeslag heile eigedomen, som seinare har gått under namnet Nordahl Brunsgt. 22 med di dei to bygningane vart bygde saman til ein. Fylkeslaget bygde på ein 4. etasje på framgarden, og i 1928 vart *Heim for Landsungdom* opna. I 1939 vart den gamle bakgarden riven og ein ny med ”Halli”, eit par små møterom og 33 hyblar, vart reist. I 1942 tok nazistene – og seinare tyskarane – heile garden. Det lovlege styret gjekk sin veg og eit nazi-styre kom i stagen. Først hausten 1946 fekk fylkeslaget garden sin att. Då såg han ut som ein slagmark, og vølingsarbeidet kom i alt på noko over kr. 400.000,-. Av dette fekk fylkeslaget om lag kr. 260.000,- i skadebot. Panteskulda på garden er kr. 454.000,- + ein 3. prioritets til trygd for kassakreditt på opp til kr. 25.000,-.

### **HEIM FOR LANDSUNGDOM**

Då fylkeslaget kjøpte garden i 1927, hadde det fått kr. 250.000,- frå Pengelotteriet til å skipa ein heim for bygdegutar som er i byen for å gå i lære, gå på skule eller studere. Husleiga skal alltid vera så rimeleg som fylkeslaget kan greie. Til drifta får vi ingen offentlege tilskot.

På Heimen er det plass til 115 gutter på ein- og to-mannsrom. Dei som ikkje har budd i byen før, har første retten, og mellom dei går dei yngste først. Heimen skal vera ein trygg og hyggeleg bustad for bygdeungdom i den første og vanskelege omstillingstida i byen. Gutar frå bygdene over heile landet kan søkje om rom, men søkeren er alltid så stor at mange lyt få avslag. Dei som kjem inn, får leigekontrakt for 1 skuleår. Etter ny søker kan dei få kontrakt med for 1 år til, om dei har stelt seg bra, men ingen kan bu her meir enn 2 skuleår til saman.

*Avskrift etter beste evne, ved Terje.*

*Med kommentar: I 1927 vart det ikkje tenkt på jentene, for dei tok teneste hos herskapet i byane eller arbeidde heime på gardane i bygdene. Til døme mi eiga mor og bestemor.*

## Dypdykk i folkelig dans

Hva er folkelig dans? Hva er dansestil? Finnes det et stilideal?

*Norsk folkelig dans* er studiet for deg som vil utforske den folkelige dansen og utvikle deg som danser. Studiet gir økt forståelse for den folkelige dansen og musikken, og temaet er den enkelte studentens utvikling. Studentene analyserer dansemateriale og tilegner seg elementer i egen dans. Sentrale begrep er takt, rytme, stil, personlighet, kunstnerisk uttrykk og tradisjon. Studiet fokuserer også på selve danseteknikken, som folkelig bevegelsesmåte, balanse, rotasjon, samdans osv. Læringa er i stor grad basert på praktisk tilnærming knyttet til hovedformene bygdedans og runddans.

Studiet arrangeres av Folkekulturforbundet i samarbeid med NTNU. Vegar Vårdal er hovedlærer, og han inviterer dyktige gjestelærere og spelemenn inn på studiesamlingene. Studiet gir 15 studiepoeng, og kan inngå som et valgemne i bachelor i dansevitenskap. Det er fire samlinger, og på siste samling avglegges en praktisk eksamen. I tillegg leverer man to skriftlige arbeider i løpet av studietiden.

I 2011/2012 blir studiesamlingene antakelig lagt til Kristiansand. For mer informasjon om studiet, se nettsidene: <http://folkekultur.no/norsk-folkelig-dans/> eller ta kontakt med Synnøve Jørgensen (tlf: 24 14 11 10, e-post [synnove@ungdomslag.no](mailto:synnove@ungdomslag.no)).

Flere i hallinglaget har gjennomført studiet, og siste helga i januar arrangeres gjensynstrekk i Vågå for alle tidligere studenter. Studiet anbefales på det varmeste!

Beste hilsen fra *Bergitte*, som var fjerårsstudent.



# **Oslokappleiken 2010**

Eg fekk mange artige kommentarar på ”jubelmeldinga” som eg sendte ut på morgenon etter Oslokappleiken (14. November), ja også heilt frå USA og Litauen ... Takk til alle desse.

## **Hurra for Oslokappleiken!**

Ein stor takk til Laget for Folkemusikk, Bærum Spelemannslag og Riksscena for ei usedvanleg bra folkemusikkhelg i hovudstaden!

Der dansen var prioritert! Det var liv og røre på Riksscena både på fredagen og laurdagen, ut i dei små timar. På eit av byens beste dansegolv og til landets beste spelemenn. Eg hadde forventa stinn brakke etter annonsering av dansespelet fredagen, men me som var der hadde akkurat passe med plass til å få fram vår beste dans.

Tenk å danse til desse fem spelemennene (alle Landskappleikvinnere?), med to økter på kvar i 4 timar: Jan Beitoaugen Granli, Leif Inge Skjølberg, Egil Syversbråten!, Trond-Steffen Westberg og Per Anders Buen Garnås ... Det var vanvittig moro å høyre Egil att etter så mange år og med optimale forhold! - han er framleis like god!

På laurdagen var det Oslokappleik etter godt gammalt merke. Etter ein nølande start på ein ny plass gjekk det heile seg til på ein veldig bra måte. Men godt spel og dans i høgsetet, med mange gledelege resultat. Kjempegode spelemenn og gode dansarar gjorde kvelden til ei oppleveling for alle dei som kom seg utpå golvet.

### ***Og, hurra:***

**Hallinglaget klarte å VINNE lagdansen** - over Numedalslaget og Valdreslaget! Ein kjempeinnsats av dei som var med, og utruleg moro å ta imot fyrstepremien - ei stor spekepølse som vil bli fortært på neste øvinga, onsdag 24. november.

Det høver bra at Hilde speler for oss da, for det var ho som spelte heilt gnistrande og fekk oss alle inn i takta og at me dansa som eit lag. Tankar går også til Ulf-Arne som lærte oss mykje på helgekurset og til Egil på fredagskvelden, for dei som var der fekk inn springartakta for alltid, trur eg.

Takk til laget som stilte, veldig god innsats av alle debutantane. Desse var med:  
Oddmund Vestenfor og Kjersti Aasen, Sigbjørn Galdal og Anne Cathrine Johansen, Svein Aasen og Anne Stuvøy, Else Mohn og Olav Sem, Terje Grangård og Grete Iversen,

No har Hallinglaget **to** napp i den fine vandrepromien (eit stor tinnfat) - Hallinglaget vant også i 2007 etter kurset med Håkon Tveito og Renate Nysted. Så neste år må me mobilisere alt og alle - for å ta fatet heim til odel og eige. Det hadde passa fint på Hallingbu! Så vel møtt på dansen frametter, og me kan snart stille 10 par!

*Leve dansen,  
Terje*

## FolkOrg vart namnet

Det vart endeleg bestemt på Årsmøtet siste helga i november, at laget skal heite FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans.



Og Maria Høgetveit Berg frå Ål fekk fornyna tillit som leiar i FolkOrg. Her skriv eg inn ein fin artikkel eg fant i Hallingdølen etter dette årsmøtet:

Under skipingsmøtet i Drammen for akkurat eit år sidan vart dei to laga Landslaget for Spelemenn og Norsk Folkemusikk- og Danselag slått saman. Laget har i eitt år hatt det mellombelse namnet Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen i Norge.

Nøyaktig eitt år etter skipinga vart det no i haust halde årsmøte i Bergen. Der vart det nye namnet ”FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans” endeleg vedteke.

Om lag 100 utsendingar var med på møtet, skriv laget i ei pressemelding.

*Dette bildet av Maria fann eg på Internett!*

Styreleiar Maria Høgetveit Berg er særskilt nøgd med oppmøtet og engasjementet.

- Dette syner at det er eit stort engasjement for det me driv med, og for folkemusikken og folkedansen spesielt uttalar ho.

Føremålsparagrafen var òg oppe, men ingen nye framlegg nådde opp.

Styreleiar Maria Høgetveit Berg fekk saman med resten av styret fornyna tillit frå årsmøtet.

- Me se stor pris på den tilliten me har fått frå årsmøtet, og ser fram til å ta tak i dei oppgåvane som no står framfor oss, seier Høgetveit Berg.

Neste årsmøte i FolkOrg er allereie i april, på grunn av vedtektsendringane.

Styret er: Maria Høgetveit Berg – styreleiar

Nils Øyvind Bergset – nestleiar, Åshild Vetrhus – nestleiar

Solbjørg Tveiten – styremedlem, Sigurd Johan Heide – styremedlem

(Alle seks vart valde for eitt år)

*Kommentar frå Terje: - det ser ut til at det blir Landskappleik i år òg!*

## Folkedanskveldar våren 2011

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!  
**Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.**

Dato	<i>Storsalen kl. 19.30 -22.45</i>	<i>Halli, minikurs 1800-1930</i>	Arrangør lag
09. jan	<b>Fanteladdane</b>	Rørospols	Rundsnuen Danselag
16. jan	<b>De frilynde</b>	Bingsjøpolska	Sogn- og Fjordaneringen
23. jan	<b>Olaug Furusæter</b>	<b>Hallingspringar !</b>	Numedalslaget i Oslo
30. jan	<b>Eiker Speleemannslag</b>	Menuett frå Orovais	Symra
06. feb	<b>Bærum spellmannslag</b>	Numedalsspringar	Valdreslaget i Oslo
13. feb	<b>Farande Fant</b>	Jølstraspringar	Sogn- og Fjordaneringen
20. feb	<b>- Går ut! -</b>		- Går ut! -
27. feb	<b>Tonje og Stein Magne</b>	Pols frå Finnskogen	Rundsnuen Danselag
06. mar	<b>Bærum spellmannslag</b>	Boda-polska	Sogn- og Fjordaneringen
13. mar	<b>Svenkerud, Rusten, Nesje</b>	Stildans	Symra
20. mar	<b>Farande Fant</b>	Konsert med Bygdelagskoret	Bygdelagskoret
27. mar	<b>Fanteladdane</b>	Finnskogspols	Hordaringen
03. apr	<b>Steinsgårdskroken</b>	Ledig!	<b>Hallinglaget i Oslo</b>
18. apr	<b>Sofienberg spellemannslag</b>	Vågåspringleik	Rundsnuen Danselag
01. mai	<b>??</b>	Rørospols og Vestlandsspringar	Hordaringen
08. mai	<b>Østerdølenes spellmannslag</b>		Symra
17. mai	<b>De frilynde</b>	Stildans	Folkedansnemnda
22. mai	<b>Bærum spellemannslag</b>	Bingsjøpolska	Sogn- og Fjordaneringen
29. juni	<b>Bygdøystemnet 2011, med Østerdølenes spellmannslag</b>		Nemnd frå BLS

**Inngang Folkedanskveld:** Medlemmer kr 80,- / ikke-medlemmer kr 120,-

**Inngang minikurs:** Medlemmer og ikke-medlemmer **berre kr. 100,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld!**

**Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!**

**Bygdelagssamskipnaden**

**Les meir på: [www.bl.no](http://www.bl.no)**

e-post: [bls@online.no](mailto:bls@online.no)

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

**Bygdelagssamskipnaden**

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: [bls@ungdomslag.no](mailto:bls@ungdomslag.no)

## **Styret i Hallinglaget 2010 - 2011**

<b>Leiar:</b>	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 2252 2267 – heime 4820 4652 – mobil E-post: <a href="mailto:grangard@c2i.net">grangard@c2i.net</a>
<b>Nestleiar:</b>	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 4804 0062 – mobil E-post: <a href="mailto:berit.ellefsen@dnbnor.no">berit.ellefsen@dnbnor.no</a>
<b>Kasserar:</b>	Elin Berget Slemdalsvingen 17, 0776 Oslo	Tlf: 9801 9910 – mobil E-post: <a href="mailto:elinberg04@hotmail.com">elinberg04@hotmail.com</a>
<b>Skrivar:</b>	Ola R. E. Imset Ignaveien 129, 1912 Enebakk	Tlf: 6492 6336 – heime 9013 3907 – mobil E-post: <a href="mailto:ola@imset.net">ola@imset.net</a>
<b>Medlemer:</b>	Else Mohn Strømsveien 25, 0658 Oslo	Tlf: 9587 9270 – mobil E-post: <a href="mailto:helsemor@hotmail.com">helsemor@hotmail.com</a>
	Renate Nysted Tønnessen Vallefaret 16, 0663 Oslo	Tlf: 9955 2650 - mobil, E-post: <a href="mailto:renatenysted@yahoo.no">renatenysted@yahoo.no</a>

## **Bladstyre for Hallingljom:**

**Leiar:** Eilev Groven Myhren Tlf: 9056 3657 – mobil  
Bertramjordet 60, 1251 Oslo E-post: [eilevgmyhren@yahoo.com](mailto:eilevgmyhren@yahoo.com)  
**Medlemer:** Svein Aasen og Terje Grangård.

**Medlemer:** Svein Aasen og Terje Grangård.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Eilev G. Myhren eller til ein i Styret.

## Hyttestyre for Hallingbu:

**Leiar:** Else Mohn  
Strømsveien 25, 0658 Oslo  
Tlf: 9587 9270 – mobil  
E-post: [helsemor@hotmail.com](mailto:helsemor@hotmail.com)

**Medlemer:** Hilde Kirkebøen, Ingrid Eidsmo, Michel Gascoin og Trond Roseth.

**Revisor:** Alix Cordray                            **Tlf.:** 2225 2949

**Valnemnd:** Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

**Hallinglaget på nettet:** Nettadressa er:[www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård

Sjå også: [www.bls.no](http://www.bls.no), [www.folkedans.com](http://www.folkedans.com), [www.folkemusikkscena.no](http://www.folkemusikkscena.no) og [www.dans.laus.no](http://www.dans.laus.no)

Hallingbu



{(?)}

32%